



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokn

## Særutskrift for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

---

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd har i møte den 01.10.2014 hatt denne saka til handsaming:

### **F-SAK 2014/54 Staten og Den norske kirke - et tydelig skille. Høyring**

#### UTGREIING

##### **Vedlegg**

- Sammendrag av Kulturdepartementets høringsnotat 2.september 2014
- Høringsnotat 2.september 2014. Staten og Den norske kirke - et tydelig skille (Ikkje prenta, men ligg på [http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kirke/Hoerings saker/V-0971B\\_hoeringsnotat\\_WEBversjon.p df](http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kirke/Hoerings saker/V-0971B_hoeringsnotat_WEBversjon.pdf))

##### **Saksfakta**

Kulturdepartementet har sendt ut eit høyringsnotat om endringar i kyrkjeordninga, til alle sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Den norske kyrkja. Høyringsfristen er 1.november 2014

Nokre av dei viktigaste framlegga er gjennomgått i samandraget som er lagt ved, men eg kan kort nemne dei her:

- Dei statlege verksemdene i kyrkja (prestetenesta, biskopane, bisepmøtet, kyrkjemøtet og bispedømmeråda) vert skilt ut frå staten og lagt inn i eit nytt rettssubjekt for Den norske kyrkja
- Soknet vil framleis vere eit sjølvstendig rettssubjekt
- Den økonomiske ansvarsdelinga mellom stat og kommune vil vere som i dag
- Det skal lovbestemast at det skal vere prest i kvart sokn, prost i kvart prosti og biskop i kvart bispedømme
- Det skal opprettast ei eiga klagenemnd for Den norske kyrkja
- Prestane og tilsette ved bispedømmeråda vert overført frå staten til kyrkja. Det er mogeleg å reservere seg mot ei slik overføring, og evt få ny stilling i staten
- Dei som no har sin tenestepensjon i Statens pensjonskasse, vil ikkje lenger vere pliktige til det men kan velge. Kyrkja må finne si eiga pensjonsordning (evt bli verande i SP).
- Rammetilskotet frå staten vert bevilga under eitt, og ikkje øyremerka. Fordi finansieringa er statleg, kan ikkje kyrkja ta opp lån.
- Eigarskapet av opplysningsvesenets fond vert ikkje tatt opp til vurdering

#### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka vert lagt fram utan tilråding

#### HANDSAMING

Moment frå diskusjonen:

Legg opp til ei vidareføring av balansen mellom sentral og lokal styring.

Buplikta skal fjernast. Kva konsekvensar vil det få for utkantstrok? Korleis ser ein for seg at prinsippet om presteteneste i kvart sokn skal løysast?

Kristendom ikkje statsreligion, men staten understøttar alle livssyn

Fellesframlegg til vedtak:

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar hovudlinjene i høyringsnotatet Staten og Den norske kirke - et tydelig skille

Røysting

Framlegget vart samrøystes vedteke (9-0)

#### VEDTAK

Ulstein kyrkjelege fellesråd støttar hovudlinjene i høyringsnotatet Staten og Den norske kirke - et tydelig skille

  Den norske kirke  
**ULSTEIN SOKN**  
kyrkjekontoret, 6065 Ulsteinvik

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd  
Anders Myrene